



**KRISTIAN ØVREVOLLSEIE -
HARDINGFELESPELEMANN FRÅ HÅVET I
HALLINGDAL - GUNNLAUG LIEN
MYHR, ØYVIND BRABANDT,
INGUNN STRÆTE LIE, ARNE
ANDERDAL OG OLAV L. MJELVA**

Kristian Øvrevollseie (1910-73)
*var ein av dei mest sentrale spelemenn i
Hallingdal i si samtid. Han utvikla ein
særprega spelteknikk, med stor klang og
særs ornamentrik fingerbruk.*

*Ein kan seie at han måla med brei pensel,
samstundes som han hadde stor
detaljrikdom. "Du har blommar i fingrane
dine du, Kristian", skal
telemarkspelemannen Johannes Dahle, ha*

Etnisk Musikkklubb **NEW RELEASE** **The EM Label**

Release: Desember 2010
Catalogue reference: EM78
Presentation: 2CD Long Box
File under: Norwegian Folk Music
Text/Booklet: Norwegian
Total time: CD1 58:49, CD2 58:29
Bar Code: 7041885307825

sagt til han ei gong.

*Øvrevollseie var nøye med å ta vare på slåttane
han hadde etter eldre spelemenn. Han uttrykte
stor respekt for kjeldene sine, og ansvaret for å
vidareføre musikken han fekk lære av dei. Som det
ofte er dei beste spelemennene sitt privilegium,
så åtte han òg den musikalske gjevnaden og
dragnaden til å forme ut enkle slåttestubbar til
større slåttar. Desse slåtteformene har naturleg
vorte tekne opp i repertoaret til fleire av dagens
spelemenn frå Hallingdal.*

*Han var myke brukt som spelemann i lyd og lag,
spelte inn mykje på opptak og han var viljug til å
lære frå seg slåttar til yngre spelemenn. Slik fekk
han ei aktiv formidlarrolle.*

*Han var ein heimekjær mann, som reiste lite
utanfor Hallingdal. Slåttespellet hans har difor
ikkje vore so godt kjend utanfor dalføret vårt.
Det er difor ei stor glede å kunne presentere
denne cd-plata, som opnar litt av slåtte-
skattekista etter Kristian Øvrevollseie. Dette er
ekte hallingspel, odla med kjærleik og stor
musikalitet.*

Harald Knutsen

Production and promo enquiries: Etnisk Musikkklubb, Masovngata 18, NO-3616 Kongsberg, Norway
Tel/Fax +47 32 73 56 60/61 E-mail info@emcd, www.emcd.no,
Net Shop: <http://shop.etniskmusikkklubb.no/>